

TEMA: Bønder og busetnad ①37, Byggeskikken ①115

KART: ④431

Lygra

Lyngbeilandskapet på ytre LYGRA, UTLURO og LUREKALVEN, vert i framtida ein del av eit landskapsvernområde som skal skjøttast gjennom tradisjonell drift med utegangarsau, beiting og brenning. Den vestnorske lyngbeita høyrer til eit stort nordatlantisk kystlandskap, frå Biscaya til Lofoten.



LYGRA – EIN STORGARD I VIKINGTIDA

Garden Lygra ligg på ei øy i Lurefjorden – eit vakkert og velstelt kulturlandskap med utsyn til fjorden på begge sider. Bruka og bøane er delte av velbygde og velhaldne steingardar som teiknar seg i silhuett mot synsranda. Dei enkle tørrmurane ligg som kunstverk i landskapet, eit vitnemål om handverksdugleik og sikkert augnemål. Det er gode gardsbruk og driftige bønder på Lygra; eit gardssamfunn med rike spor etter jordbruk gjennom tusenåra.

Buplassar langs kysten fortel om stein-


alderfangstmannen sitt område; seinare kom bonden. Talrike spor etter menneskeleg verksemd fortel om bondesamfunnet: gravhaugar, kolmiler, åkerreiner og fornfunn – denne garden har flest fornfunn i heile Nordhordland. Funna viser at Lygra har vore ein sentral gard med vide kontaktar mot omverda heilt sidan 400-talet. Garden ligg på grøderike lausavsetningar som har gjeve grunnlag for at området utvikla seg til ein av dei beste jordbruksgardane i Nordhordland. Lygra høyrde til jordegodset



Bøgarden på Ytre Lygra.

under kongsgarden på Seim, og saga-tradisjonen fortel at det vart halde ting på Lygra. I seinare hundreår har det vore eksersisplass her. □

MELLOMALDERGARDEN PÅ LUREKALVEN



Tuftene syner langhuset, eit mindre «kårhus» og ei lœ.

Avfolkinga etter Svartedauden ramma særleg dei gardane som låg i utkanten av den sentrale busetnaden i bygda. Når garden vart lagd øyde, vart også gardsnamnet oftast borte; erstatta av det ubestemmelege Øygarden eller Øyjorda.



Blystykke med runer funne i ei tuft på Lurekalven.

Garden i Lurekalven har vore i drift mellom 700 og 1350 e.Kr. Granskingane syner spor både etter hus og åkrar. Tuftene som vart utgravne i 1970-åra, viser eit langhus med eldhus, stove, bu og lœ med flor. Kring tunet ligg spora etter rydningsrøyser og åkrar i solvende skråningar.



Slik kan langhuset ha sett ut.